

Haugland bru vert rehabilitert

21.03.2014



Fylkesvegen frå Kapteinsgården til Haugland vert stengt frå 1. april og førebels i 2 veker fordi Haugland bru vert rehabilitert. Prosjektet er igang. Det skjer på oppdrag frå Statens vegvesen og det er firmaet BMO Entreprenør som har jobben. Dei har basen sin i Kongsberg og er med sine 70 tilsette ein av dei største i landet på betongrehabilitering av bruar, dammar, kaiar og andre konstruksjonar.

- Det er på høg tid at brua gjennomgår ein slik operasjon. seier lokalkjende som køyrer over ho dagleg. Dei peikar mellom anna på at det eine karet heng og sleng i lause lufta.

Det skal BMO gjera noko med og ellers skal dei blant anna leggja nytt dekke og skifta ut rekkverket. 3-4 mann kjem til å jobbe på brua framover.

På nettet skriv vegvesenet at vegen skal vera stengd frå no og i 18 dagar, men det er altså ikkje rett, seier prosjektleiar Kristoffer Rød i Kongsberg til uskedalen.no

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

